


Etne kommune

Overordna analyse for plan for selskapskontroll 2016 - 2020

August 2016



Dette er eit utkast til analysegrunnlag for overordna analyse for plan for selskapskontroll. Dokumentet kan reviderast etter det er lagt fram for kontrollutvalet. Revidert versjon vil sendast kontrollutvalet saman med plan for selskapskontroll.

«Overordna analyse for plan for
selskapskontroll»

August 2016

Analysen er utarbeidd for Etne
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 51 21 81 00
www.deloitte.no

Innhald

1. Innleiing	4
2. Eigarskap	7
3. Forslag til selskapskontrollar	18

1. Innleiing

Kontrollutvalet er pålagt å utarbeide ein plan for selskapskontroll for å føre kontroll med eigarinteressene til kommunen. Dette dokumentet er eit analysegrunnlag som skal danne grunnlag for kontrollutvalet sitt arbeid med plan for selskapskontroll for 2016-2020.

For at planen skal spegle dei viktigaste områda der det er behov for selskapskontroll, har Deloitte gjennomført ein risiko- og vesentleganalyse (overordna analyse) av eigarskapsforvaltninga til kommunen. I prosessen med den overordna analysen er det blitt lagt opp til involvering, både av kontrollutvalet, administrasjonen og politisk leiing.

Analysen er av ein overordna karakter, og er i stor grad basert på innspel som har komme fram gjennom intervju, spørjeundersøking og gjennomgang av tilgjengeleg skriftleg informasjon. Informasjon som har komme fram i intervju og i spørjeundersøking er berre i nokon grad verifisert av kommunen. Informasjonen er i analysegrunnlaget brukt som indikasjon på risikoforhold som eventuelt bør eller kan bli følgt opp/undersøkt i ein selskapskontroll eller gjennom andre undersøkingar, dersom kontrollutvalet og kommunestyret ønskjer dette.

1.1 Overordna analyse og plan for selskapskontroll

Stadig større delar av den kommunale forvaltninga blir organisert utanfor den ordinære forvaltninga. Kommunen er pålagt å føre kontroll med sine eigarinteresser. I forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 14 står det:

Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i de selskaper som er omfattet av slik kontroll, herunder å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll). Selskapskontrollen kan også omfatte forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner kap. 3.

Etter § 13 første ledd i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet;

...minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.


Innsynsretten i selskapa som kommunen har eigarskap i er regulert av kommunelova § 80, som omhandlar kva selskap kontrollutvalet og kommunen sin revisor har full innsynsrett i. Det kjem fram av § 80, 1. ledd at innsynsretten er avgrensa til:

- interkommunale selskap (IKS),
- aksjeselskap kommunen eig aleine eller aksjeselskap kommunen eig saman med andre kommunar eller fylkeskommunar,
- heileigde dotterselskap til selskapa nemnd over.

Selskapskontroll kan romme ulike former av kontrollar, høvesvis eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon av selskap. Det kan også gjennomførast selskapskontrollar som kombinerer element frå dei to nemnde formane. Eigarskapskontroll er den obligatoriske delen av selskapskontroll. Dette er ein kontroll av korleis kommunen forvaltar sine eigarskap. Ved forvaltningsrevisjon av selskap kan ein mellom anna vurdere selskapet sin økonomi, ressursbruk, regeletterleving og måloppnåing ut frå kommunale vedtak og føringar.

UTKAST

Overgangen mellom desse to formene for selskapskontroll kan vere glidande. I Kontrollutvalsboka blir dette illustrert med følgande figur. ¹



Figur 1 Former for selskapskontroll. Frå «Kontrollutvalsboka»

Risiko- og vesentleganalyse er ein prosess som skal initierast av kontrollutvalet og nyttast som eit verktøy for å velje ut relevante selskap og område for selskapskontroll.² Med omsyn til risiko er det særleg desse forholda som bør vurderast:

- risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,
- risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med lovar og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte,
- risiko for at den som forvaltar kommunen sine eigarinteresser i selskapet ikkje gjer dette i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

I tillegg til ei konkret risikovurdering vil det også vere viktig å vurdere selskapa ut frå kor vesentlege dei er for kommunen (vesentleganalyse). To overordna perspektiv kan leggjast til grunn for ei slik vurdering:

- fokus på brukarperspektivet/samfunnsnytta
- fokus på økonomiske interesser for kommunen

På bakgrunn av desse forholda har revisjonen utleia følgjande kriterium for vesentleganalysen, som kan vere til hjelp når kontrollutvalet skal prioritere kva selskap som skal vere gjenstand for selskapskontroll:

1. selskap der det er avdekka moglege risikoforhold
2. selskap med berre offentleg eigarskap
3. selskap som har eit samfunnsmessig ansvar
4. selskap som har direkte tenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar
5. selskap som leverer verksemdskritiske teneste til kommunen
6. selskap som er heileigde av kommunen
7. selskap der kommunen har omfattande eigarinteresse i tal på aksjar (fleirtall) eller stor økonomisk del av aksjekapitalen
8. økonomisk gevinst/ tapspotensiale for kommunen
9. etikk og omdøme

1.2 Metode

1.2.1 Dokumentanalyse

Dokumentanalysen bygger på ein gjennomgang av kommunen si eigarskapsmelding, selskapa sine nettsider, selskapa sine årsmeldingar, kommunale dokument, kommunen sine nettsider, samt ravninfo.no. Innanfor ramma av prosjektet har vi ikkje hatt høve til å gå inn i all dokumentasjon som føreligg knytt til dei ulike selskapa. Dette er dokumentasjon som det kan vere naturleg å gjennomgå ved ein eventuell selskapskontroll.

¹ Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2015) Kontrollutvalsboka.

² Jf, §13 i forskrift om kontrollutval

UTKAST

1.2.2 Intervju og møter

Det er gjennomført intervju med eit utval administrative og politiske leiarar i kommunen. Intervjua har omhandla både generelle utfordringar knytt til eigarskapsforvaltninga og eventuelle risikoforhold knytt til selskapa. Vi har gjennomført intervju med kommunalsjef, leiar for økonomi og einingsleiarar for pleie og omsorg og utvikling. Av politiske leiarar har vi intervjuet ordførar, varaordførar og tre gruppe-/utvalslleiarar.³

1.2.3 Elektronisk spørjeundersøking

Det er sendt ut ei elektronisk spørjeundersøking til einingsleiarar i kommunen. Spørjeundersøkinga blei sendt ut til 12 leiarar og vi mottok svar frå 5 leiarar innan fristen (42 prosent).

I spørjeundersøkinga blei det stilt spørsmål om kva område ein oppfatar at det er knytt risiko til, både med omsyn til kommunen si overordna eigarskapsforvaltning og kva selskap det kan være knytt risiko til.

1.2.4 Prosessmøte med kontrollutvalet


Innleiingsvis i prosessen blei det gjennomført eit risikospel i kontrollutvalet kor mellom anna kommunen si eigarskapsforvaltning blei diskutert.

1.3 Lesarrettlegg

Innspela som vi har samla inn i samband med den overordna analysen er systematisert i dette dokumentet. Dokumentet utgjer eit grunnlag for kontrollutvalet til å velje ut og prioritere selskapskontrollprosjekt. Analysedokumentet består av følgjande delar:

I **kapittel 2** presenterer vi den overordna eigarskapsforvaltninga til kommunen og dei enkelte selskapa som kommunen har eigardelar i.

I **kapittel 3** presenterer vi forslag til moglege selskapskontrollar i uprioritert rekkefølge basert på dei risikoar som er identifisert. Utval og prioritering av selskapskontrollar vil framgå av plan for selskapskontroll 2016-2020 som kontrollutvalet vedtar, og som blir lagt fram for kommunestyret. I same kapittel presenterer vi også ei oversikt over gjennomførte selskapskontrollar.



³ Vi vil gje kontrollutvalet munnleg tilbakemelding om rådmannen sine synspunkt i møte der analysedokumentet skal handsamast

2. Eigarskap

2.1 Eigarskapsforvaltning

Etne kommune har ingen eigarskapsmelding.

2.2 Oversikt over selskap

Oversikta over selskap som er presentert under er i hovudsak basert på opplysningar henta frå Etne kommune sitt årsrekneskap og årsmelding frå 2015, supplert med informasjon frå RAVN Bedriftsinfo, det enkelte selskapet sine nettsider og informasjon som er komme fram i undersøkinga gjennom intervju og spørjeundersøking.

Selskapa blir presentert i to tabellar. Den første tabellen inneheld selskap som kommer inn under § 80 i kommunelova (interkommunale selskap og aksjeselskap som er heileigd av kommunen eller eigd saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar). Desse selskapa har Etne kommune full innsynsrett i og kan gjennomføre selskapskontrollar av.

Den andre tabellen inneheld oversikt over selskap som kommunen har eigarskap i, men som ikkje kjem inn under § 80 i kommunelova. Det inneber at det er innslag av private eller staglege eigardeler. Desse selskapa har kommunen ikkje meir innsynsrett i enn dei andre aksjonærane. Kommunen kan likevel gjennomføre avgrensa selskapskontrollar med omsyn til i kva grad selskapet opptrer i tråd med eigarane sin intensjon, om val og opplæring av styrerepresentantar skjer etter kommunen sine reglar og rutinar, om rapporteringa frå selskapet samsvarar med retningsliner mv. Kontrollutvalet kan også be styret i eit selskap om å få fullt innsyn dersom det er ønskjeleg med ein selskapskontroll.

2.3 Oversikt over selskap som er omfatta av kommunelova § 80

Øyane ASVO AS			
Eigardelar 50%	Verksemnda sitt føremål er Attføring og/eller sysselsetjing for yrkeshemma som elles har problem med å få arbeid på den ordinære arbeidsmarknaden.		
Nøkkelpunkt	Verksemnda skal ikkje gje aksjonærane økonomisk utbytte. Alt overskot skal koma attføringsverksemnda til gode.		
<ul style="list-style-type: none"> Delt offentlig eigarskap Samfunnsansvar Omdøme 	Verksemnda har i 4 av dei fem siste åra hatt eit underskot av drifta, og har i to av desse åra hatt negativ eigenkapital. I 2015 hadde verksemnda eit svakt overskot og ein svakt positiv eigenkapital. Kommunen eig verksemnda saman med Vindafjord Kommune (50%).		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital	50	-95	736
Inntekter	16 403	13 883	14 172
Resultat før skatt	146	-831	-903

Haugalandspakken AS	
Eigardel 12,50%	Verksemnda sitt føremål er å finansiere deler av utbygginga av transportsystemet på Haugalandet, tilføre godkjende prosjekt kapital, medrekna lån som vert forrenta og inndratt ved oppkreving av bompeng, samt administrere denne ordninga inntil låna er nedbetalt. Verksemnda har ikkje ansvar for prioritering av prosjekt og tiltak.
Nøkkelpunkter	
<ul style="list-style-type: none"> Samfunnsansvar 	

UTKAST

Verksemnda er i si heilhet gjeldsfinansiert og har høg gjeldsbelastning. Dette er naturleg gitt verksemnda si natur og føremål. Verksemnda har dei siste åra hatt god likviditet og et svakt positivt resultat.

Verksemnda er eigd av sju kommunar saman med Rogaland fylkeskommune. Aksjane er likt fordelt mellom eigarane.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital	355	350	345
Inntekter	206 773	201 001	183 308
Resultat før skatt	5	5	5

Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

Eigardelar 12,50%

Nøkkelpunkt

- Delt offentlig eigarskap
- Samfunnsansvar
- Omdøme
- Stabil og solid drift

Føremålet med verksemnda er interkommunalt samarbeid på generell basis med særleg vekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsarbeid. Verksemnda skal ta opp saker som kan fremja utviklinga av Sunnhordland, og leggja dei fram til drøfting og utgreiing. Føremålet vert konkretisert m.a gjennom desse oppgåvene: 1. Fremja Sunnhordland sine interesser 2. Fremja og samordna tiltaksarbeid i Sunnhordland med særleg vekt på regional utvikling, næringsutvikling og infrastruktur 3. Vera pådrivar for betring av kommunikasjonstilhøva i Sunnhordland 4. Utvikla ei samordna og effektiv marknadsføring av Sunnhordland 5. Vera pådrivar for kultur - og identitetsskapande tiltaksarbeid 6. Arbeida for kommunane sine rammevilkår

Verksemnda har sterk likviditet og tilfredstillande gjeldsgrad, men har i tre av dei fem siste åra underskot. Dette til tross for at ein i to av desse åra har hatt positive finansinntekter. Verksemnda har til dels store variasjonar i inntekter og kostnader.

Kommunen eig verksemnda saman med Fitjar, Bømlo, Austevoll, Sveio, Kvinnherad, Stord og Tysnes kommune. Alle eigarane eig 12,5% kvar.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital	1 185	1 308	1 349
Inntekter	3 368	12 738	16 042
Resultat før skatt	-123	-196	-163

Haugaland Vekst IKS

Eigardel 9,09%

Nøkkelpunkter

- Delt offentlig eigarskap
- Samfunnsansvar
-

Verksemnda sitt føremål er å, på vegne av deltakarkommunane, drive slikt nærings- og regionalutviklingsarbeid som elles normal ville blitt utført av kommunane sjølv, dvs. samarbeid for å fremme og utvikle Haugesundregionen samt relevant lokalt næringsarbeid, i samsvar med avtale med den enkelte deltakarkommune. Verksemnda kan og yte andre tenester til deltakarkommunane, evt. tenester til andre enn deltakarkommunane, under føresetnad av at slik tenesteyting ikkje endrar verksemnda si status som «offentleg arbeidsgivar»/leverandør av tenester i «eigenregi», slik at lov om offentlege anskaffingar ikkje gjeld i forhold til verksemnda si tenesteyting til deltakarkommunane. Pr. i dag antas denne føresetnaden å innebære at levering

UTKAST

av andre tenester/tenester til andre enn deltakarkommunane ikkje må overstige 20% av verksemda si omsetning.

Verksemda har stabil drift, med god likviditet og lav gjeldsbelastning.

Verksemda er eigd av Etne og 10 andre kommunar på Haugalandet. Alle kommunane har lik eigardel.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2014	2013	2012
Eigenkapital	7 486	4 060	3 441
Inntekter	15 660	13 221	13 093
Resultat før skatt	252	119	92

Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS

Eigardel 8,5%

Nøkkelpunkter

- Delt offentleg eigarskap
- Samfunnsansvar
-

Verksemda skal utføra kommunane sine oppgåver innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall og slam, og arbeidsoppgåver som høyrer naturleg saman med desse oppgåvene. Selskapet overtek såleis oppgåver som kommunane etter lova kan overlate til selskapet innafør desse områda, og som skal betalast av renovasjons- og slamgebyret. Utarbeida gebyrregulativ for hushaldskundar. Gebyra skal etter ein overgangsperiode vera like for like tenester i alle deltakar-kommunane. Gebyra kan varierast etter levert mengde avfall og tenestetilbod. Utføra andre oppgåver som kommunane og selskapet vert samde om at selskapet skal utføre. Gje tilbod om innsamling, gjenvinning og behandling av næringsavfall der selskapet finn dette miljømessig ønskjeleg og økonomisk rett. Søkja samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap der dette er naturleg, og selskapet kan vera eigar eller medeigar i andre selskap. Avgjera i kva grad drifta skal skje ved bruk av egne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved leigeavtalar med medlemskommunane eller private næringsdrivande.

Verksemda har stabil drift, tilfredstillande likviditet og lav gjeldsbelastning, men noko varierende lønsemd.

Etne eig verksemda saman med Haugesund (57,5%), Tysvær (17%), Vindafjord (15,3%) og Bokn (1,7%).

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2014	2013	2012
Eigenkapital	22 094	21 189	19 226
Inntekter	102 065	100 368	97 554
Resultat før skatt	968	2 506	4 749

Odda Vegfinans AS

Eigardelar 4%

Nøkkelpunkt

- Delt offentleg eigarskap
- Samfunnmessig ansvar
- Omdøme

Verksemda sitt føremål er å stå føre delfinansiering av planlegging og bygging av ny veg og ny tunelløysing for E134 innafør planområdet som er definert i vedtekte kommunedelplanar for Odda og Vinje kommunar frå 2008, og å bidra til rask og god realisering av prosjektet.

Selskapet har ikkje erverv som føremål.

UTKAST

Verksemda har høg grad av gjeldsfinansiering, noko som er naturleg gitt selskapets natur.

Kommunen eig verksemda saman med Hordaland fylkeskommune (52%) og 11 andre kommunar, som alle eig 4% kvar.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2014	2013	2012
Eigenkapital	218	203	260
Inntekter	225	150	75
Resultat før skatt	15	-57	9

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

Eierandel 3,50%

Nøkkelpunkter

Verksemda sitt føremål er å tilby sekretariatstenester til kontrollutvalet i deltakarkommunane og nærliggjande kommunar. Verksemda skal drivas i balanse slik at inntekter frå kommunane dekker kostnadane.

Etne eig verksemda saman med ni andre kommunar. Haugesund er største eigar med ein eigardel på 30,99%.

Selskapet har de siste årene hatt stabil drift.

Nøkkeltall (i hele tusen NOK)	2014	2013	2012
Egenkapital	495	433	626
Inntekter	1 722	1 655	426
Resultat før skatt	63	7	183

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS

Eigardelar 2,85%

Nøkkelpunkt

Verksemda sitt føremål er å arbeide for at for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane vert tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle formål, jfr. lov om arkiv § 6. 2.

Verksemda skal yte deltakarane desse tenestene som er finansierte gjennom det årlege driftstilskotet: a) ordning og katalogisering av deltakarane sine eldre arkiv b) utarbeiding og revisjon av overordna arkivplanar for deltakarane c) lokale kurs om arkivfaglege emne d) tilsyn med at arkivdanning og arkivlokale hos deltakarane er i samsvar med føresegnene i lov om arkiv og forskrift om offentlege arkiv e) rettleiing om arkivfaglege spørsmål. f) rettleiing om bevaring av elektroniske arkiv.

- Delt offentleg eigarskap
- Samfunnsansvar
- Verksemdskritisk teneste
- Etikk og omdømme

Selskapet skal drive fagleg utviklingsarbeid for å gi deltakarane nødvendig og oppdatert rettleiing om arkivfaglege spørsmål. Kvar deltakarkommune har rett til å få utført arbeid i samsvar med kommunen sitt driftstilskot. Styret gjer vedtak om dei årlege rammene for dette arbeidet. Interkommunalt arkiv i Hordaland og den einskilde deltakarkommunen avtalar årleg kva oppgåver dette arbeidet skal omfatte.

UTKAST

Selskapet kan etter avtale med den einsskilte deltakaren vere arkivdepot for papirbaserte og elektroniske arkiv, jfr. forskrift om offentlege arkiv §§ 5-1 - 5-6.

Totalt er det meir enn 30 deltakar kommunar med i det interkommunale samarbeidet.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital		<i>Ingen rekneskap registrert.</i>	
Inntekter		<i>Ingen rekneskap registrert.</i>	
Resultat før skatt		<i>Ingen rekneskap registrert.</i>	

Krisesenter Vest IKS

Eigardelar 2,30%

Nøkkelpunkt

- Delt offentlig eigarskap
- Samfunnsansvar
- Omdøme
- Direkte tenestetilbod til innbyggjarane

Verksemda skal, på vegne av eigarkommunane, sikre etterleving av krisesenterlova § 2 a), b) og c). Verksemda skal vere eit rådgjevande organ for eigarkommunane i etterleving av lova sin § 2 d). Verksemda har ikkje som føremål å drive verksemd som gir utbytte til eigarkommunane.

Største eigarar i verksemda er Karmøy (23,52%) og Haugesund kommune (20,21%). I alt er 17 kommunar med i samarbeidet.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital		<i>Ingen økonomiske nøkkeltal tilgjengelig</i>	
Inntekter		<i>Ingen økonomiske nøkkeltal tilgjengelig</i>	
Resultat før skatt		<i>Ingen økonomiske nøkkeltal tilgjengelig</i>	

2.4 Oversikt over selskap som ikkje er omfatta av kommunelova § 80

Tomteselskapet Etne AS

Eigardelar 49,85%

Nøkkelpunkt

- Delt eigarskap med private aktørar
- Stifta 10.09.2014

Verksemda sitt føremål er å leggja til rette for utvikling og sal av areal for bustadbygging, næring og fritidsbustader i kommunen, samt alt som naturleg høyrer til dette. All verksemd i selskapet skal drivast etter forretningsmessige prinsipp. Overskotet skal i størst mulig grad nyttast til utvikling av nye tomte- og bustadprosjekt.

Verksemda vart stifta 10.09.2014. I fyrste driftsår hadde ikkje verksemda inntekter og gjekk med underskot.

Kommune er største eigar og eig verksemda saman med mellom andre Etne Sparebank (9,91%), Hato Holding AS (6,41%) og Johansen Rør AS (4,08%).

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital	8 089	<i>Ikkje tilgjengelig</i>	
Inntekter	0	<i>Ikkje tilgjengelig</i>	

UTKAST

Resultat før skatt

-480

Ikkje tilgjengelig

Grannar AS

Eigardelar 8,03%

Nøkkelpunkt

- Delt eigarskap med private aktørar
-

Verksemda sitt føremål Gje ut eit bygdeblad for bygdene i Etne, Vindafjord og Ølen kommunar. Bladet skal vera eit partipolitisk ubunde kontaktorgan mellom bygdene, og det skal elles ta opp aktuelle emne i tida, både frå Sunnhordland, Nord-Rogaland og landet elles. Bladet skal redigerast på nynorsk, og det skal arbeida for å fremja ein god heimleg vokster i bygdene. Innlegg til bladet vert prenta i den målforma dei er skrivne.

Verksemda har nok låg lønnsemd av drifta, men har tilfredstillande likviditet og høg grad av eigenkapitalfinansiering.

Etne eig verksemda saman med mellom andre Vindafjord kommune (6,10%), Etne Sparebank (3,21%) og Sparebank 1 SR-Bank ASA (1,92%).

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital	5 228	4 973	4 621
Inntekter	11 300	11 108	10 475
Resultat før skatt	359	483	197

Opero AS

Eigardelar 6,04%

Nøkkelpunkt

- Delt eigarskap med private aktørar
- Samfunnsansvar
- Direkte tenestetilbod til innbyggjarane
- Etikk og omdømme

Verksemda sitt føremål er å gjennom fabrikkasjon og annen næringsverksemd å skape grunnlag for sysselsetting av yrkesvalhemma og mindre arbeidsføre.

Eigenkapitalen i verksemda er i hovudsak opptent eigenkapital, og verksemda har gjennom dei siste åra bygd opp eigenkapitalen slik at eigenkapitalsgraden og gjeldsgraden i dag er tilfredstillande. Selskapet har i fire av dei fem siste åra levert positive resultat. I 2011 førte ei minke i driftsinntektene til underskot. Likviditeten i selskapet har ein positiv trend, og nærmar seg tilfredsstillande for ei verksemd med stabil drift.

Etne kommune eig verksemda saman med Hordaland Fylkeskommune, sju andre kommunar og Sør-Norge Aluminium AS. Største eigar er Stord kommune (28,03%).

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital	13 306	12 414	11 309
Inntekter	36 230	35 403	37 787
Resultat før skatt	892	1 105	1 389

Destinasjon Haugesund og Haugalandet AS

Eigardel 1,74%

Nøkkelpunkter

- Delt eigarskap med private aktørar

Formålet til selskapet er marknadsføring av reiselivsbedrifter i regionen og andre aktiviteter som naturleg fell saman med dette, irekna å delta i andre verksemdar med liknande verksemd, kjøp og sal av aksjar, eller på annan måte gjøre seg interessert i andre foretagender.

UTKAST

- Utfordrande likviditetssituasjon
- Negativ egenkapital

Verksemnda har i to av dei fem siste åra gått med underskot av drifta. Verksemnda har og ein utfordrande likviditetssituasjon, sjølv om denne bedra seg noko i 2014. Frå 2013 har selskapet og hatt negativ egenkapital.

Verksemnda er eigd av Etne og andre nærliggande kommunar i lag med mellom andre Lufthavnutbygging AS (34,88%) og Vista Holding AS (11,63%). Haugesund Kommune og Lufthavnutbygging AS er største eigarari selskapet.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital	-657	-639	-921
Inntekter	8 280	9 173	8 479
Resultat før skatt	42	338	-1 607

Biblioteksentralen SA

Eigardelar Ukjend

Nøkkelpunkt

Verksemnda skal være eit serviceorgan for alle typar offentlege bibliotek. Biblioteksentralen har til oppgåve å vere hovudleverandør av produkt og tenester til bibliotek og liknande institusjonar. I tillegg kan Biblioteksentralen delta i/etablere verksemd med det formål å betene det totale bok-, informasjon- og kunnskapsmarknaden.

Verksemnda har god likviditet og god lønsemd av drifta. Vidare har Biblioteksentralen lav gjeldsgrad og ein høg del av egenkapitalfinansiering. Nøkkeltala fortel om stabil drift dei siste åra.

- Delt eigarskap med private aktørar
- Samvirkeleg
- Stabil og solid drift

Verksemnda er organisert som eit samvirkeleg.

Biblioteksentralen har følgjande dotterselskap/eigarposisjonar, som alle fell utanfor § 80:

- NBT Ute AS
- Edda Bokhandel AS
- Bibliotekenes IT-Senter AS
- BS Lab AS
- BS Eurobib AS
- Norsk Bibliotektransport AS
- BS Undervisning AS
- ABM-Media AS

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015 (K)	2014 (K)	2013 (K)
Eigenkapital	305 529	195 039	162 191
Inntekter	805 974	671 801	574 291
Resultat før skatt	126 552	41 931	34 498

E134 Haukelivegen AS

Eigardelar Ukjend

Nøkkelpunkt

- Delt eigarskap med private aktørar
- Samfunnsmessig ansvar

Verksemnda skal arbeide for utbygging og standardheving av E134 Haukelivegen og RV23. I tillegg kan selskapet arbeide for å fremje interessene til viktige sidegreiner til denne transportkorridoren, etter fylkesvise prioriteringar, når dette styrker arbeidet for korridoren. Selskapet kan ta initiativ til å opprette finansieringsselskap og utbyggingsselskap. Selskapet har høve til å delta i og/eller arbeide saman med andre selskap med tilsvarande føremål. Selskapet står elles fritt til å setje i verk tiltak og bruke dei verkemiddel som er tilgjengeleg og aktuelle for å fremje føremålet til selskapet.

UTKAST

Dei økonomiske nøkkeltala viser at verksemda har stabil og solid drift, med låg del gjeldsfinansiering og god likviditet.

Verksemda har 41 eigarar med like stor eigardel.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2014	2013	2012
Eigenkapital	2 501	2 438	2 335
Inntekter	1 820	1 671	1 233
Resultat før skatt	23	53	11

Fikse Næringsutvikling SA (Tidligere Etne og Vindafjord Næringsutvikling SA)

Eigardel Ukjend

Verksemda skal synleggjera, tala og fremja medlemmene og næringslivet elles sine interesser. Dette gjer ein gjennom arbeid med tilrettelegging for næringsutvikling og betring av rammevilkår for næringslivet. Selskapet kan engasjera seg i nærliggjande oppgåver, som bedriftsutvikling og tilrettelegging for nyetableringar. Selskapet har eit ikkje-økonomisk føremål.

Nøkkelpunkt

- Delt eigarskap med private aktørar
- Samvirkelag

Verksemda er organisert som eit samvirkelag.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2014	2013	2012
Eigenkapital			<i>Ingen rekneskapstal registrert</i>
Inntekter			<i>Ingen rekneskapstal registrert</i>
Resultat før skatt			<i>Ingen rekneskapstal registrert</i>

Kommunekraft AS

Eigardelar Ukjend

Verksemda sitt føremål er å formidle aksjeeigarane si disponible kraft, irekna konsesjonskraft, og drive annan verksemd tilknytt slik formidling.

Nøkkelpunkt

- Delt eigarskap med private aktørar
- Samfunns ansvar

Verksemda gjekk i 2015 med eit underskot, etter fleire år med solid og stabil drift. Underskotet skuldast i hovudsak både ei minke i inntektene og ei auke i kostnadane dette året. Verksemda hadde likevel god likviditet ved utgangen av 2015.

Kommunekraft er eigd av Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (56,88%), 129 kommunar og 8 fylkeskommunar.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital	1 886	3 170	2 752
Inntekter	1 714	2 686	2 849
Resultat før skatt	-1 283	571	252

Skånevik Vannverk AS

Eigardel Ukjend

Nøkkelpunkt

UTKAST

<ul style="list-style-type: none"> • Delt eigarskap med private aktørar • Samfunns ansvar • Underskot i fire av dei fem siste åra 	<p>Verksemda sitt føremål er å syta for vassforsyning til medlemmene. Føretaket kan også ved avtale yte vassforsyning til andre enn medlemmer innaforsyningssområdet på same leveringsvilkår og pris som for medlemmer.</p> <p>Verksemda har hatt underskot av drifta i fire av de fem siste årene, som i hovudsak kjem av variasjonar i inntektene. Verksemda har likevel tilfredsstillande likviditet og låg gjeldsbelastning.</p> <p>Største eigarar i verksemda er kommunane Vinje (17,20%), Suldal (11,80%), Sauda (11,80%), Odda (5,40%) og Bykle (5,40%).</p>
--	--

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2014	2013	2012
Eigenkapital	411	612	654
Inntekter	1 904	2 097	3 226
Resultat før skatt	-201	-42	145

Norsk Bane AS

<p>Eigardel Ukjend</p> <p>Nøkkelpunkt</p> <ul style="list-style-type: none"> • Delt eigarskap med private aktørar • 	<p>Verksemda skal planleggje og realisera eit høgfarts-banenett i Noreg og gjennomføre dei tiltaka som synes nødvendige for å kunne oppnå dette. Høgfartsbana over Haukeli er eit nøkkelement. Verksemda kan selje jernbanefagleg kompetanse.</p> <p>Siste tilgjengelege rekneskapstal viser ei verksemd med god lønsemd, låg gjeldsbelastning, men med veldig svak likviditet.</p> <p>Verksemda er organisert som eit samvirkelag.</p>
--	---

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital	<i>Ikkje tilgjengeleg</i>		4 953
Inntekter	<i>Ikkje tilgjengeleg</i>		1 353
Resultat før skatt	<i>Ikkje tilgjengeleg</i>		387

Skånevik Ølen Kraftlag SA

<p>Eigardel Ukjend</p> <p>Nøkkelpunkt</p> <ul style="list-style-type: none"> • Delt eigarskap med private aktørar • Stabil og solid drift • Samvirkelag 	<p>Verksemda sitt føremål er å yta sikker og rasjonell energiforsyning til føremon for medlemmene innan konsesjonsområdet. Føremålet vil ein freista oppnå gjennom kjerneverksemda til Føretaket, som er; å eiga, byggja og driva energiforsyning på ein rasjonell og sikker måte innan konsesjonsområdet, irekna å produsera og omsetja energi både i og utanfor konsesjonsområdet. Føretaket kan elles delta i, driva eller samarbeida med verksemdar som har ei naturleg forretningsmessig tilknytning med Føretaket si kjerneverksemd, og som vil fremja Føretaket sitt føremål. Føretaket kan og ta del i samfunnsnyttige tiltak, samt gi gåver med almennyttige føremål til beste for medlemmene og bygdene innan konsesjonsområdet. Dette skal gjerast ved å nytta noko av overskotet, men overskotet skal primært nyttast til vidare utvikling av Føretaket og utdeling av utbytte til kundane, jf § 8. Føretaket skal elles forvalta kapitalen slik at det gjev grunnlag for samfunnsmessige tiltak til beste for bygdene innan konsesjonsområdet.</p> <p>Dei økonomiske nøkkeltala fortel om ei verksemd med stabil og solid drift.</p>
---	---

UTKAST

Verksemda er organisert som eit samvirkelag.

Verksemda har følgande eigarskap i andre verksemdar, som alle fell utanfor §80:

- Akslandselva Kraftverk AS (21,10%)
- Sunnhordland Kratlag AS (2,27%)
- Nettalliansen AS (2,38%)

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital	143 421	140 0094	133 129
Inntekter	68 005	64 139	71 308
Resultat før skatt	4 356	9 338	6 539

Åkrafjorden Oppleving AS

Eigardel Ukjend

Verksemda sitt føremål er å Pakke, profilere og selje aktivitets- og opplevingsprodukt med ein bestemt kvalitet. Dette omfattar og å setje saman produkt (pakking) og å utvikle ein felles sal-, info- og bookingfunksjon.

Nøkkelpunkt

- Delt eigarskap med private aktørar
-

Verksemda har til dels store variasjonar i inntektene og har gått med underskot dei fem siste åra. Dette har ført til at verksemda har lite eigenkapital og er i ein utfortrande økonomisk situasjon.

Verksemda er eigd av mellom andre Frisk Utvikling AS (44,38%) og Stall Lundal (8,85%).

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital	105	-49	0
Inntekter	1 233	706	712
Resultat før skatt	-506	-49	-57

2.5 Føretak, samarbeid og foreiningar

Kommunale føretak, vertskommunesamarbeid og foreiningar er ikkje omfatta av regelverket om selskapskontroll, men noen er likevel tatt med her for å få gi ein betre oversikt over kommunen sine interesser.

- Førebyggjande avdeling brann og feiing
- IKT
- PPT
Barnevern
- SLT-koordinator
- Legevakt kveld og helg
- Legevaktstelefon natt
- Augeblikkeleg hjelp-plassar
- Miljøretta helsevern
- Kontroll av kommunale sals -og skjenkebevilgningar

2.6 Gjennomførte selskapskontrollar

- Øyane ASVO (2013) – saman med Vindafjord kommune

3. Forslag til selskapskontrollar

På bakgrunn av informasjonen som er samla inn og analysert vil vi i dette kapitlet komme med forslag til selskapskontrollar. Prosjekta nedanfor er satt opp i uprioritert rekkefølge. Val og prioritering av selskapskontrollar vil gå fram av plan for selskapskontroll 2016-2020 som kontrollutvalet utarbeider.

I oversikta under fokuserer vi på område/selskap der det kjem fram opplysningar eller indikasjonar på spesielle utfordringar og risiko. Ein kontroll skal omfatte ein eigarskapskontroll eller ein forvaltningsrevisjon av selskapet avhengig av kva kontrollutvalet vurderer som naudsynt.

	Selskap/område	Eigar del	Risiko-område	Selskapskontroll
1	Eigarskapsforvaltninga	IA	<ul style="list-style-type: none"> System og rutinar for oppfølging av eigarskapa Rutinar for val av styrerepresentantar Opplæring av styrerepresentantar Rapportering til kommunestyret 	Eigarskapskontroll/ forvaltningsrevisjon (innanfor § 80)